



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



**VIK NATURRESERVAT**

**AURE KOMMUNE**

Høyringsfrist 23.05.2022

2021/3603

*Framsida: Gråspett er ein art som førekjem i edellauvskogane*

## Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyrast og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenoppretta innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finnst i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigarar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigarar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

## Tilbodet

Statsforvaltaren fekk tilbod om friviljug skogvern på gnr 23 bnr 1, 2 og 3 i Aure kommune. Området er ca. 886 dekar, og ligg søraust i Aursundet. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 09.07.2021.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på kartleggingar i området gjort av Geir Gaarder, Finn Gunnar Oldervik og Karl Johan Grimstad.

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigarane akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 16.12.2021.

## Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.»

## Naturfaglege registreringar

Området ligg i boreonemoral og sørboreal sone.

Tilbodet omfattar sørlege del av lokaliteten Vik nord BN00061138 med kystfuruskog av verdi A (Svært viktig) som er vurdert slik: «I nord grensar lokaliteten delvis til fjellbjørkeskogsbeltet, og delvis til nokre bratte bergskrentar. I nordvest er det for det meste ein lauvskogslokalitet som danner grense, medan det i midtpartiet er overgang til yngre skog, for ein stor del gråorskog. Mot vest i det sørlege partiet har det vore hogd ein del og ein har prøvd å dra grensa mot desse hogstfelt. Mot sør verkar furuskogen å vera betydeleg yngre enn nordom lokalitetsgrensa.

Topografisk er terrenget her bratt, til dels svært bratt, berre i nordaust er terrenget noko flatare og lettare å ta seg fram i. Topografien danner på ein måte ei gryte her på Vik, og med den sør til sørvestlege eksposisjonen vert det eit varm og lunt lokalklima her. Fleire bekkar renn gjennom lokaliteten, men ingen av dei danner særleg kløftelandskap. Bergveggar finst også, om enn ikkje så mange og da mest eksponerte i øvre delar. Heilt fritt for rasmark er det heller ikkje innan lokaliteten og dette er mest tydeleg i sør. Bergartane innan lokaliteten er frå jorda si urtid og oldtid (prekambrium – paleozoikum) og tilhøyrrer det såkalla Ertvågsøykomplekset. Truleg er det primært gneisbergartar her, som berre gjev grunnlag for ein nøysam flora, men kartet viser at det også kan vera innslag av rikare bergartar som glimmerskifer og amfibolitt, ja til og med kalksilikatskifer og kalkspatmarmor kan det i følgje berggrunnskartet finnast her. Klima: Lokaliteten ligg for det meste i sør- og mellomboreal vegetasjonssone. Den ligg vidare i klart oseanisk vegetasjonsseksjon, O2.

Sjølv om det i hovudsak er gammal furuskog på lokaliteten, så er det stadvis innslag av ganske mykje lauvskog og særleg gjeld dette den midtre delen. Furuskogen innan denne delen av området er likevel såpass gammal og grov at vi har vurdert det som best å ta med også desse områda innan lokaliteten. Opp til ca. 250 moh er det ein god del lågurtskog i den midtre delen og her veks det som

sagt mykje hassel og gråor, men stadvis er det førekomstar av ein del alm. Her finn ein og innslag av edellauvskogsartar som myske, sanikel, lundgrønaks m.fl. Ja, til og med skogfaks er registrert i dette området. Dette viser vel eigentleg at vi har innslag av boreonemoral vegetasjon i dette området. Her har ein altså innslag av både rikt hasselkratt (F0103) (EN) og gråor - almeskog (F0106) (LR). Trass i lauvskogsdominansen i dette området, så er det altså likevel rimeleg stort innslag av gammal grov furu i denne delen av lokaliteten. Det meste av lokaliteten er likevel dominert av blåbær- og røsslyngfuruskog, berre unntaksvis storfrytlemark og småbregneskog.

I sør er det noko som kan minna om kalkfuruskog i svært bratt terreng med lite vegetasjon i feltsjiktet, men med innslag av artar som til dømes breiflangre. Den noko kalkkrevjande slørsoppen *Cortinarius cyanites* er også registrert i dette området. Gaarder et al (2005) seier at denne arten er ein god signalart både i rikt hasselkratt og i kalkskog. Truleg kan det vera eit potensial for fleire sjeldne og eventuelt raudlista slørsopper i dette området, - kanskje også ymse piggsoppar. Diverre har ein ikkje hatt høve til å undersøkje fungaen her i gode soppår. Utformingar: Oseanisk lågurtfuruskog (F1202), fuktig furu - hasselskog (F1203) gamle ospeholt (F0701), gamal bjørkesuksesjon (F0702), rikt hasselkratt (F0103).

Artsmangfald: Fleire artsregistreringar. Første kjente i 2002. Sjølv om lauvtreinnslaget er betydeleg i det midtre partiet av lokaliteten, er likevel furu det dominerande treslaget. Men som nemnd tidlegare så førekjem artar som hassel, gråor, hegg, bjørk, selje, rogn, osp og alm (NT) ganske hyppig. I feltsjiktet er det mest blåbær, men stadvis finst også lågurtar som myske, sanikel, lundgrønaks, skogfaks, hundekveke, jordbær m.fl. Også den reine furuskogen kan av og til vere lågurtprega, særleg der det finst litt hassel i tillegg, men som nemnd så er det blåbærskogen som dominerer furuskogen og opp mot fjellet er det også ein del røsslyngfuruskog. Av lav er det stadvis mykje gubbeskjegg (NT) på gamle furutre og det er påvist skorpefiltlav (VU) på osp. I den meir lauvskogprega delen av lokaliteten er lungenever-samfunnet ganske godt utvikla, særleg sentralt, og her førekjem artar som lungenever, skrubbenever, sølvnever, blåfiltlav, kystfiltlav, grynfiltlav m.fl. På ein gråorstubbe er det registrert langnål *Chaenotheca gracillima* (NT). Heilt i nord er den regionalt sjeldne skorpelaven gråstobeger *Cyphelium inquinans* (VU) påvist på gammal furugadd. Denne arten er rekna som kontinental og det var overraskande å finna den ved kysten. Også rotnål *Microcalicium ahlnerii* (NT) er påvist nord i lokaliteten. Det er utan tvil potensial for fleire kravfulle, gammelskogstilknytta skorpelav her.

Av vedbuande sopp er det i det same område registrert skorpepiggsopp *Gloiodon strigosus* (NT) på ei gamal, men levande mosegrodd gråor. Denne arten er det få funn av i kommunen, slik at den regionalt må reknast som sjeldan. Den kan førekoma både på gråor, alm og osp. På læger er det potensial for råtevedmosar, men hittil er mosefloraen dårleg undersøkt på denne lokaliteten. Det er sjølv sagt også godt potensial for kravfulle og dels raudlista vedbuande sopp på ein slik lokalitet, særleg på gamle læger av furu.

Registrerte raudlista og krevjande artar omfattar så langt; *Antrodiella pallasii* (VU), *Ceraceomerulius albostramineus* (VU), *Chetoderma luna* (NT), *Gloeoporus taxicola*, *Hapalopilus salmonicolor* (NT), *Hyphoderma medioburiense* (NT), *Oligoporus* cfr. *guttulatus* (VU), *Oligoporus hibernicus* (NT), *Oligoporus lateritius* (VU), *Phaeolus schweinitzii*, *Phellinus* cfr. *chrysoloma*, *Phellinus pini*, *Phlebia cornea* (NT), *Skeletocutis kuhneri* (NT), *Skeletocutis lenis* (NT) og *Skeletocutis* cfr. *odora* (VU). Mange av desse artane er funne meir enn ein gong innan lokaliteten, og særleg ser det som laksekjuke har sin kjernelokalitet på Nordmøre her. Til saman er det så langt registrert 12 raudlisteartar av vedboande sopp knytt til furu på lokaliteten samt ein knytt til lauvtre. Av lav er det registrert tre raudlisteartar knytt til furu, medan ein knytt til gråor og ein knytt til osp (og alm) er registrert innan lokaliteten. Saman med treslaget alm (NT) er det i alt registrert 18 raudlisteartar på lokaliteten og

sjølv om dette er mykje, så vil grundigare undersøkingar truleg resultera i atskilleg fleire, ikkje minst av rotevedsoppar.

I vest ligg ein lokalitet Myran-Sagelva BN00061146 med rik edellauvskog av verdi A (Svært viktig) som blir vurdert til «Topografisk er dette for det meste ei bratt li med ein del rasmark i nord. i midtre delar av lokaliteten er det stadvis noko flatare, men her er det ein del innslag av storblokkmark meir enn ordinær rasmark, dvs blokkene ligg for det meste spreidd i terrenget. Bergveggar finst også, og i nord er lokaliteten avgrensa mot desse som i all hovudsak er sørvestvende og eksponerte. Bergartane innan lokaliteten er frå jorda si urtid og oldtid (prekambrium – paleozoikum) og tilhøyrrer det såkalla Ertvågsøykomplekset. I følgje berggrunnskartet skal det vera innslag av ganske rike bergartar her, slik som amfibolitt, glimmerskifer og andre. Truleg er det likevel mest gneisbergartar innan lokaliteten, noko som berre gjev grunnlag for ein nøysam flora. Karplantar nord i lokaliteten tyder likevel på noko rikare berggrunn der.

Lokaliteten er for det meste variert og frodig, men som nemnd med innslag av ein god del rasmark (B01, mange utformingar) i nord. Områda i og omkring rasmarkane er for det meste tresett med edellauvskogsartar som hassel og litt alm, men fuktsig gjer at det stadvist og kjem inn litt gråor – heggeskog (F0502). I feltsjiktet i dette området er det mykje myske og sanikel. Lenger sørover i lokaliteten vert det meir innslag av gamal bjørkeskog (F0702) med til dels grove dimensjoner. gjerne saman med artar som hassel og gråor. I fuktsig og i ein liten bekkedal i nord er det også innslag av gråor – heggeskog (F0502), og stadvis innan lokaliteten er gråor det dominerande treslaget. Særleg sentralt i lokaliteten er det nokre gamle ospesholt (F0701), der det også finst ospelæger av ganske grove dimensjonar. Over alt innan lokaliteten er det mykje daud ved, noko som vitnar om god kontinuitet i gammalskogsselementet.

Hassel og bjørk er dominerande treslag, saman med gråor, osp, litt hegg, rogn og gamal selje. I nord er det også litt alm (NT) og i aust litt gamal furu. Stadvis er det ein god del einer. Så å seia heile lokaliteten er prega av lågurtvegetasjon, men stadvis er det område der ymse grasvekstar som sølvbunke, gulaks, smyle m.fl. dominerer. Også litt lækjeveronika, smalkjempe og andre beiteindikatorar førekjem stadvis. Plasseringa av denne lokaliteten nær busetjinga på garden indikerer ein lang beitehistorikk. Myske, sanikel, ramslauk, breiflangre, lundgrønaks og svarterteknapp er vanlege artar, Kransmynte er vanleg på litt turrare stadar, medan skogsvinerot finst spreidd i heile lokaliteten. Det same gjeld artar som hundekveke, jordbær m.fl. Av lav er svært mange artar frå lungeneversamfunnet til stades på lokaliteten, slik som lungenever, skrubbenever, sølvnever, kystnever, vanleg blåfiltlav, kystfiltlav m.fl. er vanlege, medan glyer og ymse hinnelav finst meir spreidd, helst på hassel. Av raudlista lav er skorpefillav (VU) og kastanjefiltlav (VU) påvist på lokaliteten, der den siste er mest sjeldan. Fungaen er ikkje særleg godt undersøkt på denne lokaliteten, men av vedbuande artar kan nemnast narrepiggsopp (NT), hasselkjuke og vanleg rustkjuke, alle gode indikatorar på kontinuitetsmiljø. Av marboande artar kan nemnast gode signalartar som hasselskrubb, gullkremle og marsipankremle. Truleg er det eit brukbart potensiale for ymse råtevedmosar på daud ved også innan lokaliteten, men så langt er dette dårleg undersøkt. Store mengder kystband (*Metzgeria conjugata*) på ein stein sør i lokaliteten vitnar om rimeleg stabil luftråme, trass den sørvestlege eksponeringa.»

Kunnskapsgrunnlaget viser at tilbodsområdet har kvalitetar for vern som naturreservat. Her er både kystfuruskog og rik edellauvskog. Mangelanalysar av skogvernet gjort av Norsk institutt for naturforskning i 2016 viser at slike skogar er underrepresentert i verneområda. Her er såleis både sjeldne og trua naturtypar, samt svært mange raudlisteartar.

Vik inngår i ei rekke med område frå Stablandet inn til Vinjeøra. Desse reservata kan fungere som eit økologisk nettverk for artar som kan spreie seg over denne distansen.

### **Brukarinteresser**

Slike lågareliggende skogar har tradisjonelt vorte utnytta til ved- og tømmerhogst og beite.

Fakta ut frå skograpport Kilden:

Totalareal: ca. 900 daa

Produktivt skogareal(AR5): ca 399 daa

Skog, særs høg bonitet	Skog, høg bonitet	Skog, middels bonitet	Skog, lav bonitet	Uproduktiv skog	Anna
19	271	275	134	95	107

Det er utført skogbruksplanlegging med miljøregistreringer i heile området, og arealet er difor miljøsertifisert for skogbruk.

Nøkkelbiotopar: 54 daa (Rik bakkevegetasjon, Liggande død ved, Eldre lauvsuksesjon og Gamle tre)  
Svært viktige naturtyper : 613 daa – Rik edellauvskog (110 daa) og Kystfuruskog (503 daa)

Skogressurskart (SR 16) – volum (daa):

0-100 m <sup>3</sup> /ha	100-200 m <sup>3</sup> /ha	200-300 m <sup>3</sup> /ha
149	637	85

Relativt bratt li med furu og lauvskog. Ein stor del av arealet er registrert som svært viktig naturtype. Vidare er det fleire nøkkelbiotopar innan foreslått område for vern. Det er og ein nøkkelbiotop som går utanom avgrensinga – som kanskje burde vore med? I sørlege delar ser det ut til å vere traktorvegar som går inntil aktuelt areal, og det same heilt i nord. Det er relativt glissen naturskog, men nokre furubestand har bra med volum.

Sidan det er registrert så vidt mykje miljøverdiar, at det er glissen naturskog, vidare dels bratt og dårleg driftstilhøve vurderer ein arealet til ikkje å ha veldig stor interesse for skogbruk. Arealet har relativt liten skogbruksmessig verdi sidan det er mest lauvskog i bratt terreng.

Vi er ikkje kjent med kulturminne i området.

Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Det går ei 22 kV kraftline nedom verneframlegget, men vi kan ikkje sjå at denne vil bli påverka av vern. Det er planar om eit småkraftverk i Vikelva. Avgrensinga er difor gjort slik at vassdraget vert halde utanfor eit evt. naturreservat.

## Saksbehandling

### Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for utviding av Krokvatnet naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 16.12.2021. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 28.01.2022.

Det har kome 7 innspel til oppstartsmeldinga. Direktoratet for mineralforvaltning, Statnett, Statens Kartverk og Språkrådet har ingen merknader.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje merknader, men peikar på at planarbeidet må synleggjere kulturverninteresser og føresegnene bør sikre desse.

Forsvarsbygg ber om at det vert gjort unntak for militær operativ verksemd og unntak for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy.

Norges vassdrags- og energidirektorat viser til at Mellom AS har områdekonsesjon, og dei eig eit 22 kV distribusjonsnett rett ved verneframlegget. Dei meiner at Mellom AS må inkluderast i høyringslista, og Mellom AS må vurdere om dei treng spesielle omsyn i verneforforskrifta om oppgradering av kraftlina.

Statsforvaltaren meiner at standardforskriftene fangar opp dei interessene som er framheva.

### Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegg på høyring.

Skogen er taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2022.



Vedlegg 1.

## **Forskrift om vern av Vik naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .....med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til furuskog og rik edellauvskog. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Aure kommune: 23/1, 2 og 3.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 886 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Aure kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3 Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar

- a. vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode
- b. dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c. det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e. bålrensing er forbode

### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn

- e. beiting
- f. utsetting av saltsteinar
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- i. bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- k. montering og bruk av landfeste for båt

### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel

- a. motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b. utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

### **§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta
- d. landing og start med Forsvarets luftfartøy

### **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i. bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta
- j. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, og h

### **§ 8 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 9 Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 10 Forvaltningsplan**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11 Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

### **§ 12 Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.